

## **TUN + - Søknad om tilskot**

### **Fylkesdirektøren rår hovudutvalet for plan og næring til å gjere slikt vedtak:**

- 1 Prosjektet TUN+ er eit nyskapande og spennande bustadprosjekt med stor overføringsverdi for andre kommunar.
- 2 Hovudutvalet løyver 200 000 kroner til hovudprosjektet i 2007 under føresetnad av at området vert opna opp for utbygging.  
Løyvinga vert finansiert frå utviklingsmidlar til disposisjon for HPN.

### Prenta vedlegg:

- 1 Søknad hovudprosjekt "TUN+, Selje seniortun- en modell for alternativ boligbygging"
- 2 TUN+/Selje seniortun - "Ny og spennende boform i distriktene"

### Uprenta vedlegg:

- 1 Rapport frå forprosjektet
- 2 HPN 0016/05 Tilskot til forprosjektet TUN+

## **Saksframstilling**

### **1. BAKGRUNN**

Forprosjektet starta opp i 2005 i regi av Selje kommune og Høgskulen i og Fjordane. Målsettinga var å lage ein alternativ utbyggingsmodell både for bustadbygging generelt og spesielt i høve til eksisterande bustadtilbod for godt vaksne i aldersgruppa 50+. Fokus er å tilby eit trygt bumiljø tilrettelagt for omtanke og sosial kontakt med stor vekt på stadidentitet og miljøomsyn.

Fylkeskommunen ga denne vurderinga av prosjektet i samband med søknad til forprosjektet:

Formålet med prosjektet er å utvikle ein modell for eit alternativt utbyggingsmønster med klar miljø og identitetsprofil; her konkretisert ved utbygging i Selje kommune av eit klyngetun for "seniorar" med ønske om ein aktiv alderdom.

Einslege og aktive eldre utgjer ein stadig større del av befolkninga, og det er truleg eit stort behov for alternative buformer. I dag finst det få alternativ til den tradisjonelle einebustaden, rekkehuset og blokk-leiligheita.

Utbyggingsprinsippet kan bli ei inspirasjonskjelde og eit førebilde for moderne bustadplanlegging. Særleg i distrikta og spreiddbygde strøk, er det behov for å utvikle utbyggingsprinsipp for bustadområde som kan imøtekomme det sosiale behovet som dei fleste menneske har.

Å tenke klyngetun-prinsipp i fysisk planlegging i kommunane har mange fordeler. I tillegg til å vere arealbesparande, kan ein få til ei meir heilskapleg utbygging. Inngrepa kan samlast og utbyggingsperioden kan bli kortare. Ledningssystem (vatn, kloakk) og veg vil kunne bli kortare, renovasjon og vegvedlikehald vil kunne bli meir effektivt og ein vil få, kortare strekningar med gatelys m.m.. Samla vil dette kunne gje økonomiske innsparingar.

"Det moderne klyngetunprosjektet" og det omsøkte Tun+ prosjektet er uttrykk for at folk har behov for sosiale møteplassar, identitet og tilhøyre. Det er difor viktig å fange desse trendane no og setje i verk gode lokalinitierte prosjekt dersom vi skal nå målsettinga i fylkesdelplanen om "bygda som ein god plass å bu".

Tilhøve som talar for dette prosjekt:

- Prosjektet "Selje seniortun" har lokal forankring og entusiasme
- Markedspotensiale skal utgreiast i forprosjektet.
- Prosjektet kan seiast å vere berekraftig med omsyn til økologi, økonomi og samfunn
- Klyngetun på eksisterande gardstun og klyngetun som erstatning for bustadfelt i bygdene vil truleg framstå som eit positivt tilbod for folk, både sosialt og i høve økonomi.

Kritiske suksessfaktorar for etablering og drift av det omsøkte tunet i Selje vil truleg vere i kva grad marknaden hjå oss er moden for slike buformer.

Det vil vere viktig å følgje opp arbeidet i hovudprosjektet, som også inneheld utviklingsoppgåver for fylkeskommunen som regional utviklingsaktør og planfagleg rettleiar ovanfor kommunane.

---

Fylkeskommunen støtta forprosjektet med 220 000 kroner i 2005 i tillegg til fagleg medverkna.

Selje kommune søker no om å vidareføre prosjektet.(jamført vedlagt søknad)

## **2. VURDERING**

Fylkesdirektøren meiner at ein no i stor grad har gjennomført målsettinga i forprosjektet slik det er dokumentert i rapporten. Forprosjektet har i liten grad fått dokumentert i kva grad marknaden hjå oss er moden for slike buformer, men det er trendar i tida som legg til rette for dette. Gode pilotprosjekt kan også vere med på å skape ein marknad.

## **3. KONKLUSJON/TILRÅDING**

Dersom området vert frigjort for utbyggingsføremål etter ein ordinær runde med oppstartvarsel etter plan- og bygningslova, kan ein gå i gang med reguleringsplan etter retningslinene og kunnskapen som ligg i forprosjektet.

Fylkesdirektøren tilrår at hovudutvalet støttar vidareføring av prosjektet under føresetnad av at det aktuelle arealet vert frigjort til føremålet.

I denne saka vert det tilrådd å gje eit tilskot på kr 200.000,- for 2007. Tilskot for 2008 vert å vurdere i samband med disponeringa av budsjettet for dette året.